LINDÅS KOMMUNE
Sjukeheimstenesta

Hordaland fylkeskommune
31 MAR 2017

Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga
Pb 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar: 2015/3055-45
Vår: 14/3845 - 17/10003

Saksbehandlar:
Simon Walther Grandahl
Simon.Grandahl@lindas.kommune.no

Dato:
29.03.2017

# Rapport for tilskot - Den kulturelle spaserstokken 2015 - Lindås kommune

| **Tildeling 2015 :** | 90.000,- |
|---|---|
| • **Arena** | **(Tal brukarar/plassar/snitt)** |

- **Knarvik sjukeheim**
  - Institusjon ( 73 )
  - Seniorsenter ( 60 )
  - Dagavdeling ( 14 )
- **Lindås bu- og servicesenter**
  - Institusjon (26 )
- **Ostertunet**
  - Omsorgsboliger ( 30 )
  - Seniorsenter ( 15 )
- **Alversund dagsenter** ( 10 )
- **Såtabu dagsenter** (10 )

- Eldrerådet (eldredagen)

| **Tiltak** | | **Tal Arrangement** | **Tal Arnea** | **Tal Delt/snitt** |
|---|---|---|---|---|
| **Tiltak 1** | Song og dansetilstellingar | 31 | 5 | 60 |
| **Tiltak 2** | Konsertar og jazzkafè og festar | 23 | 6 | 60 |
| **Tiltak 3** | Lyrikk, scenekunst, foredrag<br>Tur | 3<br>1 | 2 | 35 |

229#1659:93fb72a8-0108-44ed-b702-28d1449e625f:3

**Tiltak 1: Song – og dansetilstellingar**
Arrangement med song og musikk er 1. prioritet i kulturarbeidet for mottakarane av den kulturelle spaserstokken.
Dei ulike arenaene har regelmessig program – eigne tilsette, frivillige eller innleidde musikarar som tar ansvar for tema/sjanger.
Programposten det inviteras til er anten «syng med oss!» eller «dans på lokalet» med forskjellige aktørar, samt sommardans og juledans ved Trine Odland og co.

Brukarane er kjend med ramma, men får eit mangfald av musikalske opplevingar i løpet av året. Det kan være swing, gamalpopp, trekkspel- , piano- eller gitarmusikk til allsong basert på årstider/høgtider. Vi har og innslag om kjente komponistar eller eit bestemte tema og ønskekonsertar.

**Tiltak 2: Konsertar , jazzkafe`og festar**
Eldredagen 01.10. blir makert på alle institusojnar, dagavdelingar og seniorsentra med fest og underhaldning.

I 2016 har vi m.a. hatt besøk av pianist Rune Alver og historieforteljar Eilev Løtvedt med »Ein gamal skuletime». Konsert med snert! I tillegg har vi hatt konsert ved Katrine Lunde og Andreas Eikerol på kontrabass/gitar og vokal.
Det svinger på jazzkafe` med Helge Alver (Hummer og Kanari) og vårfest med god mat, underhaldning og dans er veldig populært.

**Tiltak 3: Lyrikk , scenekunst , foredrag**
Ved Knarvik sjukeheim/Seniorsenteret i Knarvik står opplesing/lyrikk på programmet. I «Det lyriske hjørne» er det ofte seniorar eller tilsette som les dikt og korte forteljingar og vi har hatt besøk av lokal forfattar Anna Lyngøy som skriv dikt.

I 2016 har vi innanfor scenekunst hatt besøk av Solklang; Ramona Sulen (song og musikalsk framsyning), Leslie Egerer (speler på fiolin og sag) og Tarjei Vatne (piano og song). Ei fantastisk musikalsk oppleving av ein kunnskapsrik og sprudlande trio.

I juni kunne seniorane på seniorsentra og dagavdelingane i kommunen delta på tur til Haaheim gard på Tysnes. Denne turen vart finansiert med lotterimidlar og eigenandelar. Her fikk vi oppleve vestlandskultur med mat og drikke, lyrikk og historie frå garden.
I august hadde vi besøk av Cirkus Agora med Jan Ketil Smørdal i spissen. Det var ein spennende og annerledes scenekunst.
I oktober hadde vi cabare `med Bergen Vest Seniorteater med « Bergensjentene jakter tonen» Fantastisk musikalsk og god scenekunst!

229#1660:93fb72a8-0108-44ed-b702-28d1449e625f:4

Med helsing

Simon Walter Grandahl
einingsleiar

Wenche Medaas

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Regnskap 2016

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga | Pb 7900 | 5020 | BERGEN |

229#1661:93fb72a8-0108-44ed-b702-28d1449e625f:5